



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Hedmark fylkeskommune
Fylkeshuset
Parkgt. 64
2325 HAMAR

Dykkar ref

Vår ref
11/385-1 EN

Dato

4 MAR 2011

Statsbudsjettet 2011 - Kap. 551 post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift - Tilskotsbrev

Tilsegn nr.: 11 302002

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet viser til Prop. 1 S (2010–2011) for Kommunal- og regionaldepartementet, Innst. 16 S (2010–2011) og orienteringsbrev av 5. oktober 2010.

I dette tilskotsbrevet gir departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551 post 61 for budsjettåret 2011. Eg viser òg til brev av 24. februar 2011 med fordeling av midlane på kap. 551, post 60 Regional utvikling i fylkeskommunane.

Den totale ramma på kap. 551, post 61 er for 2011 på 696,3 mill kr. Løyvinga inkluderer midlar til å dekkje tilsegnfullmakt på 100 mill. kr som alt er disponerte i 2010, men som blir utbetalte i 2011. I tillegg er det gitt ein tilsegnfullmakt på 100 mill. kr som først kan bli utbetalt i 2012. Tilskotsbrevet omfattar ei løyvingsramme for dei ordinære kompensasjonsmidlane og restmidlane for 2011. Kompensasjonsmidlane er utrekna til 567,7 mill kr, og restmidlane til 128,6 mill kr. I tillegg er ei ubrukt ramme på kr 200 000, overført frå 2010, blitt lagt til restmidlane.

2. Fylkesvis ramme

Ramma til **Hedmark fylkeskommune** er fastsett til **16,4 mill. kr**. Vedlegget til dette brevet viser fordelinga både når det gjeld kompensasjonsmidlane og dei såkalla restmidlane som er merkt breiband og annan infrastruktur.

Av ramma på 16,4 mill. kr kan 14,0 mill. kr bli utbetalte i 2011. Resten, 2,4 mill. kr, er ei tilsegnfullmakt der midlane først kan bli utbetalte i 2012. Dette går og fram av nemnde vedlegg.

3. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru*. Eg viser til brev av 24. februar 2011, punkt 3. Der er det nærmare omtale av dei overordna måla og strategiane og av prioriterte målgrupper.

Målstruktur

Departementet har i Prop. 1 S (2010–2011) sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane på.

Fylkeskommunane prioriterer sjølve mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnarar, innanfor dei nasjonale arbeidsmåla, rammene og retningslinjene for posten.

Prioriterte målgrupper

Kvinner, unge og innvandrarak er framleis prioriterte målgrupper i distrikts- og regionalpolitikken. Eg viser til departementet sitt brev av 24. februar 2011, punkt 3.

4. Nærmare om bruken av ramma på kap. 551, post 61- Kompensasjonsmidla

Fylkeskommunen prioriterer sjølv mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnarar innanfor måla, rammene og retningslinjene for posten. Målet er å få til ein brei næringsretta innsats, med særleg vekt på å utvikle næringsliv og arbeidsplassar, i område som ikkje fekk innført differensiert arbeidsgivaravgift på nytt, eller som på nytt fekk innført ordninga med høgare sats enn før 2004. Midlane skal, som hovudregel, nyttast i desse områda med mindre det er semje mellom partane om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsområde. Det kan vere fornuftig med samarbeid på tvers av regionar og kommunar for å fremme ei positiv utvikling i dei områda der ordninga gjeld.

Bruken av midlane i det enkelte fylket skal vere i tråd med måla og strategiane i fylkesplanen for dei områda som fell inn under ordninga. Departementet ønskjer at det blir lagt opp til ei tettare kopling og koordinering mellom desse verkemidla og dei ordinære verkemidla over kap. 551, post 60, og at fylkeskommunen samordnar planprosessane. Fylkeskommunen må difor, i samarbeid med lokale og regionale aktørar, finne fram til ei fornuftig rollefordeling og til eit mandat som klargjer korleis særleg næringslivsaktørar skal vere med i planleggings- og avgjerdsprosessane.

Forholdet til andre aktører

Det skal være eit klart skilje mellom det strategiske og det operative ansvaret i samband med direkte bedriftsretta støtte. Fylkeskommunen skal sjølv ikkje vere operatør for direkte bedriftsretta verkemiddel, men nytte Innovasjon Noreg som operatør for slike ordningar. Kommunar eller regionråd, som får regionale utviklingsmidlar til å fylle opp dei kommunale eller regionale næringsfonda sine, kan sjølve vere operatør for direkte bedriftsretta verkemiddel, men berre innanfor ramma av bagatellstøtte og dei gruppeunntaka som måtte gjelde.

Fylkeskommunen må utforme oppdragsbrev til verkemiddelaktørar som skal forvalte midlane på vegner av han. I desse breva kan fylkeskommunen leggje regionale føringar for bruken av verkemidla, basert på drøftingar i partnerskapen. Det er viktig at det blir sendt oppdragsbrev til aktuelle verkemiddelaktørar så raskt som råd etter at rammene er klare. Dette må gjerast av omsyn til planleggingsarbeidet hos aktørane. Det er òg viktig at midlane blir overførte til verkemiddelaktørane etter avtale og i samsvar med den tildelte ramma.

5. Nærmare om bruken av restmidlane på kap. 551, post 61.

Ramma for restmidlar er fordelt på fylke med kommunar innanfor heile det distriktpolitiske verkeområdet. Ramma er fordelt på fylka etter dei same objektive kriteria som blei nytta ved fordelinga av midlane under kap. 551, post 60. Sjå vedlegg 1.

I 2011 skal fylkeskommunane prioritere utbygging av breiband til område som ikkje har tilbod om breiband. Når alle har fått eit tilbod om breiband som svarer til 640/128 kbit/s, skal midla prioriterast til å auke kapasiteten på nettet i område som elles ikkje vil bli utbygd av kommersielle aktørar. I fylke der ein har oppnådd full breibandsdekning med stor nok kapasitet, kan midlane brukast til annan infrastruktur og næringstiltak, mellom anna mobildekning, etter avtale med departementet. Dette inneber at fylkeskommunen må innhente skriftleg samtykke frå departementet før det blir sett i verk tiltak.

Krav i samband med breibandsutbygging

Ved tildeling av tilskot til breiband må fylkeskommunane setje desse krava:

1. Tilskotet skal nyttast til å byggje ut infrastruktur for breiband.
2. Tilskotet skal bli gitte etter konkurranse for å sikre best mogleg utnytting av tilgjengelege middel.
3. Tilskotet må sikre at både husstandar, næringsliv og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda.
4. Tilskotet må sikre at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

Departementet legg til grunn at prioriteringa mellom ulike prosjekt er i tråd med måla og strategiane i fylkesplanane eller konkrete planar for støtte til utbygging av breiband i område utan marknadsdekning.

ESA har fastsett nye retningslinjer for offentlig støtte til bygging av raskt breiband for å sikre konkurranse og unngå at private investeringar blir fortrenge av prosjekt med offentlig støtte. Departementet syner i den samband til eige brev 22. desember 2010 om retningslinjene.

Departementet ønskjer å auke kunnskapen om resultatet av bruk av midlane til breiband og vil ha ein dialog med fylka om korleis dette best kan målast.

For annan infrastruktur og næringstiltak gjeld dei generelle måla og retningslinjene for løyvinga.

6. Spesielle satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar

Kommunal- og regionaldepartementet har i tilskotsbrevet, datert 24. februar 2011, punkt 4.6, gjort greie for spesielle satsingar som er sette i gang der samarbeid med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane er viktig. Desse satsingane er finansierte over kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling. Denne omtalen kan òg vere viktig for dei som forvaltar kap. 551, post 61.

7. Forholdet til Distriktssenteret, profilering og omdømme

Eg viser til omtale av dette i departementet sitt brev av 24. februar 2011, punkt 4.7.

8. Andre løyvingar innanfor programkategori 13.50 som fylkeskommunen forvaltar

Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Fylkeskommunane har i eit eige tilskotsbrev fått den fylkesvise fordelinga for 2011 for kap. 551, post 60. Eg viser elles til omtalen i Prop. 1 S (2010–2011) for Kommunal- og regionaldepartementet. Sjå brev av 24. februar 2011.

9. Økonomiforvaltning

Ved forvaltninga av midlane på kap. 551, post 61 gjeld det som er felt ned under punkt 5 i tilskotsbrevet datert 24. februar 2011.

9.1 Krav og retningslinjer for forvaltninga

Fylkeskommunen skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som blir stilte til rådvelde over kap. 551, post 61, er i tråd med regelverket for økonomistyring i staten, retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61, og reglane for offentlig støtte.

Fylkeskommunen kan utarbeide meir detaljerte retningslinjer, både for eigen bruk og for verkemiddelaktørane på lokalt og regionalt nivå.

Overføring av midla

Ramma til fylkeskommunen blir overført to gonger i 2011: ca. 1. mai og ca. 1. oktober. Den delen av ramma som blir gitt som tilsegnfullmakt, blir utbetalt i januar 2012. Departementet vil overføre midlane til dei same kontoane som i 2010 med mindre departementet får melding om at fylkeskommunen ønskjer noko anna.

Kontroll

Departementet og Riksrevisjonen kan når som helst be om innsyn i bruken av midlane.

Departementet har ansvar for å sjå til at fylkeskommunane har gode internkontrollsystem for tilskotsforvaltninga av midla. For at departementet betre skal kunne følgje opp det ansvaret, skal fylkeskommunane i den årlege rapporteringa melde frå om fylkesrevisjonen har hatt større merknader eller gjort større funn i samband med verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61, og eventuelt rapportere om innhaldet i desse merknadene og korleis dei blir følgde opp.

PwC har på oppdrag frå departementet hausten 2010 gjennomgått tilskotsforvaltninga til fylkeskommunane. Dette arbeidet er omtala i brev av 24. februar 2011, punkt 5.1. Det vil og bli sende eige brev til fylkeskommunane om dette arbeidet.

9.2 Endringar i retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 for 2011.

Kommunal- og regionaldepartementet har gjort ein del endringar i retningslinjene frå og med 2011. Det er gjort greie for desse endringane i departementet sitt brev av 24. februar 2011, punkt 5.2 og 5.3. Dei nye retningslinjene ligg på Kommunal- og regionaldepartementet sine nettsider.

10. Rapportering, oppfølging, evaluering og fristar

10.1 Fristar i 2011 og 2012

Kommunal- og regionaldepartementet viser til at rapportering på mellom anna felles resultat- og effektindikatorar for 2010 skulle vere lagd inn i Rapp13.50 pr. 1. februar 2011.

1. april 2011	Frist for beskrivande årsrapport 2010
10. mai 2011	Frist for rapportering av transportstønad for transportar i 2010
16. august 2011	Frist for halvårsrapport 2011
2. februar 2012	Frist for innlegging av rapportering for 2011 i Rapp13.50

Fristane gjeld òg for andre aktørar som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, og for kommunane. Dersom desse rapporteringane går gjennom fylkeskommunen, må fylkeskommunen setje ein frist slik at han sjølv kan halde fristen til departementet.

10.2 Rapportering på gitte tilsegn og rammer i 2011

Løyvingane frå departementet til fylkeskommunane over kap. 551, postane 60 og 61 blir dels fordelte til andre og dels forvalta av fylkeskommunane direkte. Departementet legg stor vekt på ei samla og likearta rapportering på all aktivitet som er finansiert med innsats over programkategori 13.50. Opplegget for rapportering på gitte tilsegner og rammer over kap. 551, postane 60 og 61 (Rapp13.50) er tilpassa dette. For ein nærare omtale av innhaldet i denne rapporteringa, sjå vedlegga til vårt brev av 24. februar 2011.

10.3 Endringar i den beskrivande rapporteringa for budsjettåret 2011

Som departementet har varsla i eit eige brev til fylkeskommunane 2. november 2009, ønskjer ein å dreie fokuseringa i styring og rapportering bort frå aktivitetar og innsats og over til resultat og effektar av verkemiddelbruken. Sjå nærare om dette i departementet sitt brev av 24. februar 2011.

10.4 Rapportering på felles resultat- og effektindikatorar

Som ein del av den auka fokuseringa på resultat og effektar av verkemiddelbruken er det frå og med rapporteringsåret 2010 innført rapportering på eit sett med felles indikatorar. Tanken er å rapportere på desse indikatorane ved sluttrapporteringstidspunktet for tiltak og prosjekt som er finansierte over kap. 551, postane 60 og 61. Desse indikatorane skal tene fleire formål:

- vere eit viktig datagrunnlag i felles evalueringar (sjå nedanfor)
- danne grunnlag for betre mål- og resultatstyringssystem og læring av verkemiddelbruk i fylkeskommunane og i den skildrande rapporteringa til departementet
- gi grunnlag for ei meir heilskapleg resultatrapportering til Stortinget.

Rapporteringskrava er nærare omtalte i vedlegg 4c til departementet sitt brev av 24. februar 2011.

10.5 Rapportering 1. halvår 2011

Fylkeskommunane skal innan 16. august 2011 sende inn ein kort rapport om midlane for 2011, som gir grunnlag for rapporteringa frå departementet til Stortinget i samband med statsbudsjettet for neste år. Denne rapporten skal innehalde ei oversikt over korleis fylkeskommunen har tenkt å disponere rammene for kap. 551, post 60 og 61 på dei ulike aktørane som Innovasjon Noreg, SIVA, fylkeskommunen sjølv og kommunane (kommunale/regionale næringsfond).

10.6 Dialog om evalueringar

Departementet vil i større grad gjennomføre felles tematiske evalueringar for betre å følgje opp dei langsiktige effektane av verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61. Vi kjem i 2011 nærare tilbake til korleis dei tematiske evalueringane skal organiserast og finansierast i dialog med fylkeskommunane og relevante fagetatar.

Tematiske evalueringar frittek ikkje fylkeskommunane, eller andre som forvaltar midlar på vegner av dei, frå den evalueringsplikta som er nedfelt i reglementet for økonomistyring (§16). Departementet skal varslast om evalueringar som er planlagde, eller sette i gang, i den årlege rapporteringa, der det også skal informerast om resultatata (jf. vedlegg 4a til tilsegnsbrev av 24. februar 2011). Vi ber òg om å få oversend kopi av dei evalueringane som er gjorde så sant dei er offentleg tilgjengelege.

11. Kunngjering

Fylkeskommunane, og dei aktørane som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunen, er ansvarlege for informasjon om tilskotsordninga. For å sikre lik behandling skal midlane kunngjerast, jf. Retningslinjene, del II, punkt 2.


12. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid

Arbeidet med å vidareutvikle informasjonen og kommunikasjonen om regional utvikling vil halde fram i 2011. I samband med budsjettet for 2011 utvida Kommunal- og regionaldepartementet våre nettsider med informasjon om det regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane. Departementet vil også i 2011 vidareutvikle desse sidene. Kommunal- og regionaldepartementet vil dessutan føre vidare dialogen med fylkeskommunane om korleis midlane til regional utvikling, og bruken av dei, kan synleggjerast betre.

Avslutning

Eg vil be om at fylkeskommunane orienterer partnerskapen om innhaldet i dette brevet og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lykke til med utviklingsarbeidet i 2011!

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg: Fylkesvis fordeling av løyvinga på kap. 551, post 61 i 2011

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling

Fiskeri- og kystdepartementet

Fornyings- administrasjons- og kirkedepartementet

Innovasjon Norge Hedmark

Innovasjon Norge Hovedkontoret

KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)

Kulturdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Miljøverndepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Næringslivets Hovedorganisasjon

Plan- og administrasjonsavdelingen

Riksrevisjonen

Samferdselsdepartementet

SIVA - Selskapet for industrivekst SF